

Energidepartementet

Klima og miljødepartementet

Bergen 31.01.2024

Uttale til forslag til endringer i forskrift om konsekvensutgreiingar

Viser til Energidepartementet og Klima- og miljødepartementet sin høyring av endringer i KU-forskrifta om meldeprosess for kraftleidningar og solkraftanlegg. Vi har også levert innspel til endringer i energilova og plan- og bygningslova knytt til solkraftanlegg på land og ber om at våre uttalar vert sett i samanheng.

Som Noregs største friluftslivsorganisasjon har Den Norske Turistforening (DNT) eit stort ansvar for å bidra til å ivareta friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Intakt natur og velfungerande økosystemtenester er grunnlaget for gode naturopplevingar for oss og framtidige generasjonar. Naturavtalen og den komande stortingsmeldinga om natur er av vesentleg betydning for å sikre dette og vi håpar tida har kome for eit tverrsektorielt løft for naturens rettsvern.

DNT sine innspel oppsummert:

- DNT støttar innføring av plikt til å sende innmelding og forslag til utgreiingsprogram for solkraftanlegg.
- Samstundes meiner vi at grensa for kortid anlegg skal meldas må senkast betrakteleg, frå 30MWp til 10MWp, eller helst knytast til arealbeslag og/eller alvorlegheitsgrad (arealkonfliktar).
- Det bør likevel utgreiast om solkraftanlegg i grå areal kan unntakast for meldeplikt for å fremje fornybarutbygging i allereie nedbygd natur.
- DNT støttar ikkje forslaget om å heve grensa for melding av kraftleidningar frå 15 til 50 km.
- DNT meiner at heimel for tidleg avslag vil vere eit meir nyttig verktøy for å rydde i køen av konsesjonssaker (nett, vind, sol) og dermed få ned sakshandsamingstida.
- Heimel for tidleg avslag bør innehalde skrankar for prosjekt som ikkje er samfunnsøkonomisk lønsame, og/eller som medfører store arealkonfliktar. Ein slik heimel kan forankrast i energilova, eller i ei fornybarforskrift (for nett, vind-, sol-, og hybridanlegg).

Bakgrunn

Solkraft: Regelverket om melding og påfølgjande konsekvensutgreiingar for energiltak er heimla i plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskriften). Der det er krav om melding, skal denne inkludere eit forslag til konsekvensutgreiingsprogram som vert sendt på høyring, før det vert fastsett av rett KU-myndigheit. Per i dag gjeld dette ikkje for solkraftverk, sjølv om det til ein viss grad har vore praktisert i seinare tids søknader. Departementa foreslår no å innføre krav om melding med forslag til KU-program for solkraftverk som er større enn 30 MWp.

Kraftleidningar: Før ein tiltakshavar (som regel eit nettselskap) kan søke om konsesjon til å bygge, eige og drive ein kraftleidning med spenning 132 kV eller høgare og med lengd på meir enn 15 km i ny trasé, er det krav om at tiltaket må meldast til NVE. Departementa foreslår å endre grensa for når ein tiltakshavar må melde kraftleidningar på 132 kV, frå 15 km til 50 km. Tiltakshavar får samstundes ein rett til å velje å melde slike leidningar som er mellom 15 og 50 km lange. Dette er eit ledd i regjeringa sitt arbeid med forsterke kapasiteten i straumnettet i Noreg og samstundes korte ned sakshandsamingstida for nettanlegg.

DNT sine merknader til endringsforslaga

Solkraft

DNT støtter departementa sin vurdering av at det må gjelde meldeplikt for solkraftverk av ein viss storleik. Men vi meiner grensa no er uforholdsmessig høg. 30 MWp tilsvarer eit arealbeslag på 300 dekar. Dette er tross alt eit svært stort inngrep som normalt ville ha blitt sett å ha «*vesentlege verknader for miljø eller samfunn*» og dermed ha utløyst krav om planprogram inklusive KU-program etter plan- og bygningslova.

Også departementa viser til at solkraft kan medføre vesentlege inngrep, og at det er klar samanheng mellom storleik og verknadene for allmenne og private interesser. Her frå høyringsnotatet:

Hva som er store virkninger er relativt, og vil kunne avhenge av prosjektets størrelse i effekt, utstrekning og foreslåtte plassering. Det er i de aller fleste tilfeller en klar sammenheng mellom selve størrelsen på solkraftverket, og dermed arealbehovet, og virkningene for allmenne og private interesser. Solkraftverk kan innebære vesentlige lanskapsinngrep. I tillegg kan slike kraftverk påvirke kulturminner og kulturmiljø, både ved direkte inngrep og gjennom visuelle virkninger. Videre kan solkraftverk påvirke friluftsliv ved at anlegget beslaglegger områder som brukes til turgåing og jakt. I de fleste tilfeller vil det sannsynligvis være nødvendig å gjerde inn anleggene, og anleggene vil dermed kunne sperre av større arealer. Avhengig av plassering, vil solkraftverk kunne ha negative virkninger for naturtyper, vegetasjon og dyreliv. Videre kan et solkraftverk båndlegge areal som kan ha en geologisk verdi.

Vi meiner det nye plan- og konsesjonssystemet for bakkemontert solkraft i størst mogleg grad bør ha så like medverknadsprosessar og kriterier for ivaretaking av natur- og friluftslivsomsyn som øvrige utbyggingar/arealendringar.

DNT sitt forslag er at grensa for meldeplikt vert senka betrakteleg, frå 30MWp til 10MWp, **eller** knytast til arealinngrepet sin storleik eller alvorlegheitsgrad.

Kraftleidningar

DNT støttar ikkje forslaget om å heve grensa for melding frå 15 til 50 km. Ved bygging av kraftledningar mellom 15 og 50 km må tiltakshavar «*selv vurdere hvor konfliktfylt eller krevende en kraftledning i denne størrelseskategorien vil være, og eventuelt forhåndsmelde prosjektet*».

Tiltakshavar får dermed ein rett, men ikkje en plikt til å melde kraftleidningar på 132 kV, som er mellom 15 og 50 km lange. Dersom dei vel å ikkje førehandsmelde prosjektet kan tiltakshavar starte konsekvensutgreiingane utan eit utgreiingsprogram fastsett av NVE.

DNT er uroa for at ein slik ordning vil gå på kostnad av naturomsyn, og svekke kvalitetssikringa ein har i dag gjennom kunnskapsinnhenting med forankring hos NVE. Ved å legge meir ansvar på tiltakshavar vil tilliten til konsesjonssystemet bli svekka.

Departementa viser sjølv til at endringa medfører dårleg forankring av rammene for konsekvensutgreiing og at dette kan bidra til auka konfliktnivå og mindre tillit til konsesjonsprosessen. Dette meiner DNT at regjeringa bør ta på alvor. Mengda konfliktfylte utbyggingar den siste tida, tilseier at ein bør vere svært varsam med å vatne ut naturens rettsvern og sivilsamfunnets moglegheit til tidleg og reell medverknad. Tilliten til utbyggjar i høve evna og vilja til å ta gode natur-, kultur-, og friluftslivsomsyn er dessverre låg i mange tilfelle, og DNT meiner det vil vere betre å styrke kapasiteten i NVE og bygge direktoratet opp som eit truverdig og effektivt sakshandsamingsorgan for alle partar, heller enn å forsere prosessar og risikere å måtte bruke tid på klagesaker og konflikthandtering i ettertid. Heime for tidleg avslag vil også vere eit godt verktøy for å rydde i køen av konsesjonssaker (nett, vind, sol) og dermed få ned sakshandsamingstida.

Med helsing

Dag Terje Klarp Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Juliussen
Rådgjevar
Den Norske Turistforening